

Kommunestyret har behandla sak 53/2024 i møte den 20.06.2024

Behandling

Saksordfører Dagfinn Bøygard (Ap).

Marit Sehl (SV) fremma følgjande mindretalsframlegg frå kommuneplanutvalet til **punkt 6 b)**:

Det blir ikkje lagt ut nye område for ordinære fritidsbustader i perioden, men det blir gjeve opning for fortetting. Med fortetting meiner ein tettare utnytting av areala innanfor etablerte byggeområde i ein reguleringsplan, der ein nyttar allereie etablert infrastruktur. Tal nye einingar må vere klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet.

Framlegg frå Tor Olav Tveito (H) om tillegg i siste setning **punkt 6a)** i kommuneplanutvalet si innstilling: (tillegg utheva)

Det skal gjennomførast ein planvask (planrevisjon) i **samarbeid med grunneigar/planeigar** av alle reguleringsplanar som er eldre enn ti år, parallelt med revidering av kommuneplanens arealdel for fritidsbustader.

Framlegg frå Tor Olav Tveito (H) om å ta ut følgjande setning i **punkt 6b)** i kommuneplanutvalet si innstilling: Tal nye einingar må vere klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet.

Knut Einar Haug (H) fremma følgjande mindretalsframlegg frå kommuneplanutvalet til **punkt 6c)**:

Det vert opna opp for eit mindre antal hyttefelt. (Dvs. styrke resten av ordlyden .. med særskilt miljøprofil med t.d. infrastruktur, biologisk/elektrisk do og solcellestrøm).

Det vart halde gruppemøte etter ønske frå Lene Prestegard (Ap).

Björg Torsteinsrud (Sp) gjorde framlegg om å stryke **punkt 6 c)**.

Votering:

Punkt 6 a):Framlegget frå Tor Olav Tveito (H) om tillegg til kommuneplanutvalet si innstilling vart vedteke med 15 røyster (**7H, 2Frp, 5Sp** Ola Terje Oleivsgard, Solveig L. Arnegard, Ivar Brevik, Tore Arnegard, Anders Lunden. Herfoss og **1Ap** Svein Erik Koester.

Mindretalet 10 (**7Ap** Solveig Vestenfor, Dagfinn Bøygard, Lene Prestegard, Hedvig Johanne Rud, Ingunn Solberg Skalle, Jan Egil Grue, Anne Kari Kind, **1Sp** Björg Torsteinsrud, **1SV** og **1V**) røysta for kommuneplanutvalet si innstilling utan tillegg.

Punkt 6 b):

Mindretalsframlegget frå kommuneplanutvalet, fremma av Marit Sehl (SV) fekk 8 røyster (**4Ap** Solveig Vestenfor, Lene Prestegard, Hedvig Johanne Rud, Anne Kari Kind, **2Sp** Björg Torsteinsrud, Anders Lunden Herfoss, **1SV** og **1V**).

Framlegget fall då mot 17 røyster for innstillinga frå fleirtalet i kommuneplanutvalet.

Framlegget frå Tor Olav Tveito (H) om å ta ut ein setning i kommuneplanutvalet si innstilling fekk deretter 9 røyster (**7H, 2Frp**) og fall.

Punkt 6 c)

Prøvevotering:

Framlegget frå Knut Einar Haug (H) til endra ordlyd fekk 8 røyster (**2Frp, 6H** Erlend Medgard røysta mot). Kommuneplanutvalet si innstilling om ingen endring fekk 10 røyster (**4Ap** Dagfinn Bøygard, Jan Egil Grue,

Anne Kari Kind, Svein-Erik Koester, **4Sp** Ola Terje Oleivsgard, Solveig L. Arnegard, Ivar Brevik, Tore Arnegard, **1H** Erlend Medgard og **1V**)

Framlegget frå Bjørg Torsteinsrud (Sp) om stryke punktet fekk 7 røyster (**2Sp** Bjørg Torsteinsrud, Anders Lunden Herfoss, **4Ap** Solveig Vestenfor, Lene Prestegard, Hedvig Johanne Rud, Ingunn Solberg Skalle og **1SV**). Framlegget fall dermed i prøvevoteringa.

Endeleg votering:

Framlegget frå Knut Einar Haug (H) til endra ordlyd fekk 8 røyster (**6H** Erlend Medgard røysta mot og **2Frp**) og fall mot 17 røyster for innstillinga frå fleirtalet i kommuneplanutvalet om å ikkje endre punkt 6 c).

Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande endringar av punkt 6 «Tomtereserve» i dei overordna arealføringane i kommuneplanens samfunnsdel:

- Punkt 6 a) endrast til: 'Regulerte og avsette fritidstomter yngre enn 10 år vert vidareført viss ikkje ny kunnskap om naturverdir/naturfare hindrar det. Det skal gjennomførast ein planvask (planrevisjon)i samarbeid med grunneigar/planeigar av alle reguleringsplanar som er eldre enn ti år, parallelt med revidering av kommuneplanens arealdel for fritidsbustader.

- Punkt 6 b) endrast til:

*Det blir ikkje lagt ut nye område for ordinære fritidsbustader i perioden, men det blir gjeve opning for fortetting og utviding. Med **fortetting** meiner ein tettare utnytting av areala innanfor etablerte byggeområde i ein reguleringsplan, der ein nyttar allereie etablert infrastruktur. Tal nye einingar må vere klart mindre i forhold til det eksisterande talet i utbyggingsområdet. **Utviding** er å sette av areal til nye fritidsbustader i direkte nærleik til eksisterande byggeområde, der ein langt på veg kan nytte same etablerte infrastruktur. Innspelsområdet må i store delar av sin omkrins grense til det eksisterande utbyggingsområdet, og innspelsområdet må vere klart mindre enn det eksisterande utbyggingsområdet. Eit **nytt område** blir forstått som eit areal som verken kan gå inn under definisjonen fortetting eller utviding. Her må det i stor grad bli laga ny infrastruktur.*

